

Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
2017/253 - 2809/2017

Sakshandsamar:
Gina Beate Holsen 51 96 3830

Dato:
19.05.2017

Høyring – forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

Vi viser til departementet si invitasjon til høyring, der departementet ber om innspel knytt til forskrift om opptak til høgre utdanning - § 4-2 Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag. Vårt innspel gjeld spesielt opptak til sjukepleieutdanninga.

Helse Vest er kjent med at det er stor strykprosent på medikamentrekning i sjukepleieutdanninga, og vi støttar derfor departementet sitt forslag om endringar i § 4-1 og 7-13 i opptaksforskrifta.

Når det gjeld § 4-2 Spesielle opptakskrav til enkelte helse- og veterinærfag er vår tilråding forslag 2 eller 3. Begge forslaga vil kunne styrke kvalitet i utdanninga og betre pasienttryggleiken gjennom styrka medikamentrekning og legemiddelhandtering generelt.

Helse Vest støtter også forslaget til presisering av særskilt vurdering og meiner dei føreslåtte endringane i § 7-13 tredje ledd, er tilstrekkelege.

Når det gjeld innføring av endringane frå studieåret 2017- 2018, bør det vurderast overgangsordningar for å unngå vanskar med rekruttering ved innføring.

Vennleg helsing
Personal- og organisasjonsavdelinga



Hilde Christiansen
Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi



Gina Beate Holsen
PO-rådgivar